




Grindhus i parken

Verkstad og utstilling
Transformasjon av tradisjonsboren handtverk

Diplomoppgåve 2016
Inger Kristin Aamot
Vegleiar: Finn Hakonsen



Grindbygget Ny samanheng

Oppgåva er ein diskusjon om korleis tradisjonsboren byggjekultur kan gjevast betydning i vår tids arkitektur. Diskusjonen er ein søkjande prosess, der grindbygget transformerast til ny arkitektur i ein ny kontekst.

Del I:

Oppgåva startar med å undersøkje grindbygget sine arkitektoniske kvalitetar og prinsipp. Eg besøkjer ei gruppe av naust på Tysse i Dalsfjorden, og gjer ei oppmåling. Etter dette står eg i eit vegskille i prosessen vidare, og finn fram til tre strategiar for å jobbe vidare med oppgåva:

1. Lage ein historisk rapport om nausta på Tysse.
2. Byggje eit prosjekt i 1:1.
3. Skape ny arkitektur med grindbygget.

Del II:

For å velje strategi måtte eg tenkje korleis eg som arkitektstudent kan bidra til vidareføring av potensialet til grindbygget. Eg søkjer difor å skape ny arkitektur med den eldre byggeteknikken, der prosessen blir ein metode for å diskutere grindbygget i arkitektur i dag. Val av program og stad er ein del av prosessen.

Grindhuset landar i ein park

Mitt forslag finn stad i ein park i Dale i Sunnfjord. Dette grøntområdet heiter på folkemunne "Parken" og ligg rett over vegen for Allmuen kafe. Prosessen med å velje akkurat denne tomta startar i januar, litt lenger ut i fjorden.

Situasjonsplan
1:1000







Foto: Parken i dale. Allmuen kafe i bakgrunn.



Frå oppmåling på Tysse.



Tysse


På Tysse stiftar eg bekjenskap med dette naustet i fjordlandskapet. Eg teiknar, klatrar, filosoferar og opplev i grindkonstruksjonen, og eg gjer meg opp tankar om kva dette handlar om. Her møter eg folk med kunnskap, tradisjonsberarar, og eg lærer at grind-konstruksjonen er ein naturleg del av byggjekulturen i området. Den er knytt til tradisjon, klima og tilgjengelege ressursar. Langs fjorden finn ein løer, naust, buer og uthus, men også nyare garasjer, redskapshus og sykkelparking utført i grindhus. Grindbygget er ein del av kulturen i området. Den er fantastisk, men også heilt vanleg.

PROSESS: STAD



Dalsfjorden

Eg startar oppgåva i Dalsfjorden i Sunnfjord Sogn og Fjordane, då eg har tilknytning til området. Fjorden ligg innanfor det geografiske beltet for grindbygg, som strekk seg langs kysten vår frå Rogaland til Møre og Romsdal. Her tek eg kontakt med ein lokal båt- og grindbyggjar, og forhøyrer meg om aktuelle grindbygg i området som er egna for oppmåling. Eg ynskjer meg eit grindbygg som er særleg gammalt, slik at eg kan lære noko om det "opprinnelege". Samtidig ynskjer eg at oppmålinga eg gjer kan vere til nytte for andre, i forhold til restaurering og bevaring. Det blir føreslege det store naustet tilhøyrande garden Tysse.




Dale tettstad 1985



Gamleveggen 1865
Fjellet Helleberget i bakgrunnen ligg på andre sida av Dalsfjorden
Foto: Knud Knudsen.



Gamleveggen 2016
Kyrkja er skjult bak bygg i framkant



Dale tettstad
1:20 000

Dale

Eg ynskjer å diskutere grindbygget i ein meir tettbygd situasjon, og rettar prosjektet mot tettstaden Dale. Ein moglegheit hadde også vore å finne eit meir urørt landskap i Dalsfjorden, der grindbygget tilpassar seg det naturlege terrenget og er ein invitasjon til landskapet. Kanskje ved Tysse, eller over fjorden til Rivedal, der vikingane før helt til? - Men, det er noko interessant med å sjå korleis grindbygget passar inn i eit meir tettbygd område. På ein stad der det er folk. Folk som går forbi, folk som går innom. Folk som kan bruke grindbygget i ein ny kontekst.

Dale er administrasjonssenter for kommunen Fjaler, og har idag omlag 1100 innbyggjarar. Tettstaden ligg der Dalselva munnar ut i Dalsfjorden og den første garden er her beskrive frå 1500-talet. Dale har sidan utvikla seg frå å vere gamal tingstad, eit gardssamfunn, til idag å vere eit kommunesenter med godt utvikla næringsliv og kulturtilbod.

Det skal også nemnast at industri i form av tøn neproduksjon og skofabrikk har vore ein viktig del av tettstaden, og Dale var rekna for å vere ein betydningsfull industristad i fylket på tidleg 1900-talet. Dei tidlegare industribygga langs sjøfronten er idag transformert til mellom anna kontor, trevareforretning, restaurant og bustad.


Mykje av sentrumsbebyggelsen er frå forrige århundre, med tyngde frå 1950-talet fram mot 90-talet, og viser ei utvikling der den tradisjonelle byggjekulturen grindbygg i mindre grad er teke med.

Dei to bileta til venstre viser gamlevegen i Dale. Langs denne vegen ligg trehusbygg frå tidleg 1920-talet, og det var langs denne vegen det første sentrum utvikla seg med bank og ulike forretningar, kombinert med bustad. Saman med dei andre kulturminna markert på kartet, er trehusbygga langs gamlevegen ein del av eit bygningsmiljø kommunen ynskjer å bevare.

Parken i Dale blir då ein slags overgang mellom det gamle og nye sentrum av Dale. Det nye sentrumet omfattar Dale senter, kommunehus, sjøfronten, små forretningar i kombinasjon med bustad, sjukeheimen, og området blir i kommuneplanen beskrive som ein stad for sentrumsutvikling.

I søken etter ei tomt for grindhuset leitar eg blant desse kulturminnene, då grindhuset har eksistert samstundes med desse bygga. Skal grindhus strukturen lande ved det eldste bygget, Vonen-huset ved elvemunningen? Eller skal det bli næraste nabo til Jakob-Sande tunet? Valget fell på "Parken" i Dale, i overgangen mellom det som skal bevarast og det som skal utviklast.

Grindhus i Parken er eit bygg som er lokalt forankra til stad, klima og kultur, men samtidig er det noko heilt nytt ved dette bygget som ikkje liknar på omgivnadane sine. Den nye arkitekturen gjer grindhuset til noko framand. På ein annan måte er grindhuset også komen tilbake i omgivnaden, tettstaden Dale, og fortel historia si på nytt.




Program: verkstad og utstilling

Grindbygget har tradisjonelt sett vore nytta til lagring av ressurser tilknytt gard- og sjøbruk. Opne lange rom, grinder etter kvarandre som kan takast ned eller tilførast etter behov. Grindbygget er eit tilskot, ein lagringsplass, eit produksjonslokale.

I Dale får grindbygget igjen vere eit tilskot, eit tilskot til "Parken", til folk, til produksjon og formidling. Å velje Dale som stad for prosjektet, gjev fleire moglegheiter for utvikling av program. Det er ein intensitet av møter med kunst og kultur som her er interessant. Fjaler utmerkar seg som ein kulturkommune, med Nordisk Kunstnarsenter Dalsåsen, United World College Flekke, Teaterfestivalen, samt formidlarar for tradisjonshandverk som til dømes Jensbua Kystkultursenter og Dalsbua utsal. Grindhuset i Parken skal vere eit tilskot til formidling og produksjon av kunst, kultur, og tradisjonelt handverk.

Det nye grindbygget kan også vere med å fortelje brukaren om den eldre byggjeteknikken, gje assosiasjonar til byggjekulturen i området. Bygget høyrer såleis til på staden, sjølv om ikkje lignar heilt på det opprinnelege grindbygget. Grindbygg møter det 21. århundre.




Sittebank i betong, med overflate i trevirke.


Den nye strukturen rammar inn grunnkonstruksjonen, og gjev eit overbygg parkrom. Gulvet nyttast som produksjonsareal, og utstilling.

Lange betong klosser lagt ut i graset, gjev moglegheit for opplegg av midlertidig workshop, installasjon, scene. Lav sitteplass og balansering.



Tversnitt, CC' 1:100




Tversnitt vertikal flyt, DD'
1:200




Langsnitt konstruksjon
1:200




Plan/ struktur
1:200



Plan/ struktur konstruksjon
1:200




Plan/ kjellar
1:200




Detalj/ åpning vegg

1:40




Prinsipp materialbruk trevirke

1:20



Mote/ heis og struktur

1:20



Mote/ grindbygg og struktur

1:40

Grindbygg som moderne arkitektur

Nytt møter gammalt

Prosessen startar med naustet på Tysse. Kan oppgåva diskutere korleis ein skal byggje opp igjen den nedrivne delen av naustet? Skal det reproduserast ein tru kopi, eller skal det vere noko nytt som fremhevar og skapar ein kontrast til det gamle og originale. I forhold til å skape ny arkitektur tenkjer eg at møtet mellom nytt og gammalt er ein interessant diskusjon, og det kan vere eit innspel til korleis ein kan vidareføre eksisterande grindbygg ved å gje dei eit tilbygg, ein ny struktur som katalysere ein ny bruk i eit gammalt bygg.


Klimatiserte bokser?

Eg forlet grindbygget på Tysse, og tek med meg diskusjonen om møtet mellom nytt og gammalt vidare i prosessen. Kan ein vidareføre grindbygget ved å ha klimatiserte bokser som til dømes heng i konstruksjonen? Kan dette gje ein ny bruk? Kan det verte ein bustad med klimatiserte rom rundt omkring? I følge NIKU rapporten "Grindbygde hus i Vest-Norge" er det fleire dømer der det er nytta tømmerkasser innanfor stavpara, for å ha halde husdyr.

Eg skisserer forslag på korleis dette kunne ha fungert, men eg finn at det fort blir trangt mellom grindene. Det er som om grindhuset forsvinn inn i mellom alle boksene, og kva er då argumentet for å vidareføre grindkonstruksjonen om det "nye" forkludrar og viskar ut karakteren? Balansen mellom nytt og gammalt tippa over mot nytt, og eg trur opplevinga av grindene vert svekka. Det kunne jo då like gjerne vore ein annan berande konstruksjon.

Korleis gjere ny arkitektur utan at karakteren til grindbygget forsvinn?

Arkitektkontoret OPA form har eit prosjekt der dei foresler mindre element som flyttar inn i, gjennomborar, lyser opp gamle fjøs. Det er eit interessant eksempel på korleis gje nytt liv til ubrukte strukturar, utan at karakteren til det opprinnelege forsvinn. Vidare tenkjer eg at denne oppgåva søkjer eit anna svar enn å vidareføre eksisterande strukturar. Det handlar om diskutere grindbygget sin betydning i arkitektur i dag, å bruke prinsippa i byggjeteknikken til å skape noko nytt. Korleis skape ny arkitektur der grindbygget beheld karakteren og får skinne?



Viktige prinsipp

Eit steg vidare i prosessen ser eg attende på oppmålinga eg gjorde på Tysse. Kva er det som særpregar grindbygget, kva er dei arkitektoniske kvalitetane, dei viktigaste prinsippa? Eit viktig kjenneteikn er stivheita konstruksjonen har i toppen av grindene, der sammenføyningane mellom stav, bete og stavlegje møtast. Den ytterlegare avstivninga utført med broddeband, stingeband gjer at konstruksjonen nærmast er urokkeleg. Ein konsekvens av dette er at grindehuset kan møte bakken utan forankring, stavane står laust på stein og tilpasse seg varierende terreng på ein fleksibel måte.

Forankringa skjer i toppen av konstruksjonen. Sjølv om det idag står fleire bygg med lettare tak, som til dømes teglpanner, er det eit viktig prinsipp at taket på grindehuset skal vere tungt, gjerne av torv eller store steinheller. Tyngda stabiliserar konstruksjonen, pressar den ned. Samstundes fungerer sjiktet med sperrene i lag med kledningssjiktet avstivande på bygget. Sperrene har som regel ein vinkel på 34 grader, noko som er optimalisert i forhold til korleis grindkonstruksjonen tek imot vindkreftene.

Arkitektonisk kvalitet

Grindehuset er rikt på arkitektoniske kvalitetar. Kvart hus har si historie, og fortel om korleis handtverkaren sette det opp, kva verkty han nytta, kva material som var tilgjengelig, om det har vore flytta og gjenbrukt, om det er bygd på eller krympa. Konstruksjonen vitnar om ein varsom og rasjonell bruk av materialane, og fortel om ein kunnskap og respekt for korleis konstruksjonen fungerer. Enkeltelement blir foredla ut frå materialen med tanke på den funksjonen elementet skal ha, der symmetri og estetikk er ekstra arbeid for handtverkaren og unødvendig for konstruksjonen. Dette medfører at kvar bygningsdel har potensialet til å sjå unik ut. Denne skeivheita og ulikheita rundt om i konstruksjonen er fantastisk rik på detaljar og karakter.


Ein kvalitet ved naustet på Tysse er korleis dagslyset slepp inn gjennom huda til grindehuset. Lyset følgjer taket inn mot der sperra møter stavlegja, og gjev ei opplyst rand på langsiden av bygget. Like eins på bakkenivå smyg lyset seg inn under kledningen der stavpara møter honnsteinen. Dei øksa kledningsborda ber forma av trestokken den blei teken ut frå, og det vert eit spel av lys som slepp inn mellom borda. Rommet endrar fort karakter når skyene skygger for sola, eller då dag går mot natt. Den største lysopninga er der portane går opp, og stemingen går frå dunkel og mystisk til opplyst og målretta.

I og med at naustet på Tysse truleg er av høgre alder, før 1800, gjenspeglar dette verkty nytta frå denne perioden. Øksa har i dette eksempelet vore nytta til utforming av materialen, og det er ein kontrast mellom dei opprinnelege og dei restaurerte bygningsdelane, der saga har vore gjeldande for det sistnevnte. Det røffe, unike, møter det standardiserte.




Naustet på Tysse
Bilete av stavparet, grinda, eg gjorde oppmåling av.


Broddeband inn felt i stav




Grindbygd hus.
Prinsipp-tegning.
HS



Sammenfelling
av stav, bete og
stavlegje. HS



Illustrasjonar: Schelderup, H. Grindbygde hus i Vest-Norge



Workshop

Eg fortsett prosessen med å undersøke kva som skjer om eg tenkjer friare rundt grindbygget. Kva skjer om ein fornyar eit av prinsippa, og gjer det på ny? Vil det framleis vere eit grindbygg, så lenge det nye gjer same nytten som det gamle prinsippet? Kva skjer om stavpara løyser seg opp og avvik frå rektangelforma og skapar nye rom? For det første vil det endre byggeprosessen, som byggjer på å kunne leggje opp stavlegjene og stavpara flatt i lengderetning for oppmerking og tilpassing. Samstundes vil det kome utfordrande skøytar av stavlegja, randbjelken. Det er noko urasjonelt med denne tanken, som ikkje passar grindbygget sin karakter.

Kva om ein drar og tøyer i konstruksjonen, og gjer den høg og smal? Kan grindbygget vere eit langt, høgt og smalt rom ein beveger seg gjennom?

Kva om ein tek vekk sperrene i taket, og erstattar taket med noko nytt som også er tungt, noko tungt som held konstruksjonen nedåt? Kva om grindbygget bærer ein ny struktur? Kan dette vere ein måte å viderføre tradisjonsboren byggjekultur i arkitektur idag?

Ny struktur + grindbygg = moderne arkitektur?

Dette alternativet verkar umiddelbart interessant for oppgåva, og eg går vidare med dette. I møtet mellom dette nye, "reine", presise, og då grindbyggets unike, rike, skeive karakter, oppstår det ein kontrast der dei to strukturane fremhevar kvarandre.

Ein ny struktur boren av det sterke grindbygget. Kva kan den nye strukturen vere? Eit bustadhus? Ein massivtreboks? Eit betongdekke?

Kva skal føregå i ein slik struktur? Ei oppleving av grindhuset? Kan dette vere ein måte å nytte grindbygget i arkitektur idag? Skal det vere eit slektskap mellom dei to konstruksjonane? Kva om ein tolkar grindbygget sine prinsipp og kvalitetar i den nye strukturen?

Denne diskusjonen resulterer i ein intensjon om at den nye strukturen nyttar grindbygget sine prinsipp som inspirasjon.

Forslag

Oppgåva kjem med eit forslag som diskuterar grindbygget brukt i arkitektur idag. Diskusjonen balanserar mellom å vidareutvikle grindbygget eller å lage noko som til slutt blir for framandt i forhold til den tradisjonsborne byggjekulturen. Når sluttar grindbygget å vere eit grindbygg?

Den nye strukturen ber med seg element frå grindbygget. Den forsøker å vere avstivet i toppen, lysinnslipp i fasaden, lyset leier deg mot opningar og vertikal kommunikasjon, delar av huda går ned og beskyttar, rammar inn sammenføyningane i grindkonstruksjonen, lagar eit skut, ei mellomson. Samtidig er den nye strukturen eit stort vindfang, og krever at stavpara i grinda vert forankra i betong. Eit utradisjonelt grep i forhold til grindkonstruksjonen som vanlegvis står fritt i møtet med bakken. Er det no framleis eit grindbygg?

Kan det vere at det er eit grindbygg, men at det samstundes også er ein ny arkitektur. Det er eit samspel mellom dei to strukturane som utviklar seg ilag.

